



Andreklassingen Fredrik Haugland har lånt ei pingvin-bok. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For tre år sidan skreiv vi at bokbussen var ein suksess i Uskedalen. Det gjeld framleis i høgste grad.

Under stoppen frå klokka 9.50 til 11.05 i føremiddag ved Uskedalen oppvekstsenter lånte Per Myklebust og Kenneth Korsvold ut 196 bøker . Og Per, som sjølv er uskedaling ,kunne opplysa til Uskedalen.no at vi har ein av dei skulane i Kvinnherad der det blir lånt ut flest bøker.



Silje Soldal registrerer dei nye bøkene sine. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Per er forresten ny på bokbussen. Etter å ha dreve litt med eigedomstaksering har han fått ein erstatningsjobb han trivst svært godt med. Han måtte i fjor haust takka av ved Samfunnshuset i Rosendal etter 24 års teneste.



Per Myklebust og Kenneth Korsvold klare for innsats i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er berre dei dagane dei erfaringsmessig har mykje å gjera i bussen at dei stillar med to mann. Ved oppvekstsenteret i Uskedalen stoppar bussen som før fem kvarter annankvar tysdag og har også relativt hyppige stopp på Korsnes og nokre gongar på Dønhaug gardsbarnehage.

- Det er naturleg nok størst besøk av elevar. Men når vi stoppar til dømes i Åkra, kjem heile bygda i tillegg, seier Per.

Han kan ha relativt lange dagar, faktisk opptil 12 timar, men legg til at denne tysdagen til dømes er ein stutt dag, med besøk på Malmanger, Bringedalsbygda, Uskedalen og ungdomsskulen i Rosendal.

Sjølv om han trivst med jobben i bokbussen, er han ikke like tilfreds med bussen som har vorte 17 år gamal og skrantar både her og der.

- Heldigvis har eg fått bremsane i orden, men bussen er for lengst moden for utskifting og vi har eit håp til budsjettet for 2011. Vi treng også ein buss med meir plass, understrekar Per og viser til elevmylderet inne i bussen og køtendensane utanfor.

Ein annan teknisk detalj som vi merkar oss og som Per også beklagar er at dei ikkje er online med data-anlegget ved biblioteket.

Av Ola Matti Mathisen



Det er i trangaste laget i den gamle bokbussen. (Foto: Ola Matti Mathisen)